



- BRA TILTAK

Fotballkvelden i Oshaugane fredag 4. juli må kallast ein suksess

Det vart ein artig og triveleg aften då idrettslaget arrangerte fotballkveld på Sandsøya første fredagen i juli månad. Med om lag 20 spelarar i aksjon fordelt på tre femmarlag vart det spelt totalt seks kampar à ti minutt. Eit vinnarlag vart kåra, men viktigast av alt var det at oppunder 50 personar alt i alt var samla i godt lag.

I det varme sommarvêret gjorde det ingenting at regnet gjorde ein liten visitt innom Oshaugane første del av arrangementet. Tvert imot gjorde dei heite dropane berre godt for dei som skulle i elden på den strøkne grusbana. Strøken *før* kampane starta, vel å merke.

For ute på bana var det full fyr frå første spark. Det førehandspåmeldte laget "Los Blancos" tok straks kommandoen mot begge dei to andre laga i sine to første kampar. Dei var tydeleg meir samspelte enn sine motstandarar, og varta opp med tidvis veldig flott spel og fine mål.

På laget var Kevin André Bøe, Kristian Skare, Robert Vilkauskas, Kenneth Østlund, Elias Strømsnes og Tor-Erland Eltvik.

Men etter 4-1 i første kamp mot både lag B og lag C, skulle det stoppe litt opp for dei kvite. B og C møtte først kvarandre til siste kamp i første runde. Resultatet vart 1-0 etter ein jamn batalje.

For lag B stilte Johann Skare Longva, Bjørn Thore Hansen, Åsmund Bringsvor, Eirik Voksøy Bringsvor, Kjell Even Toftesund, Svein Helge Bringsvor og Sondre Voksøy Bringsvor.

Lag C hadde Ronny Rusten, Thomas Voksøy Bringsvor, Torstein Helland Hansen, Christoffer Bringsvor, Endre Vorren, Anders Bringsvor og Torbjørn Baade.

I den andre runden – alle spelte mot kvarandre to gongar – vart det derimot tøffare for "Los Blancos". Dei to andre laga var også meir samspelte. Først vann lag B 5-2, før dei kvite måtte nøye seg med eit poeng og 0-0 i sin andre kamp mot lag C.

I siste kamp for kvelden måtte lag B slå lag C for å vinne totalt, og tilsvarande måtte lag C i alle fall klare uavgjort dersom "Los Blancos" skulle stå att som sigerherrar. Men det var lag B som med 3-1 toppa tabellen etter seks av seks kampar.

[Sjå statistikk frå turneringa her.](#)

I løpet av kvelden var eit tjuetals tilskodarar innom Oshaugane for å kjøpe seg ein kaffi og slå av ein prat i godt lag – og ikkje minst sjå på fotballkampane som på venskapeleg vis vart avvikla ute på grusen.

Fleire synest at dette var eit flott arrangement i staden for den tradisjonelle Grendacupen, all den tid dei kringliggande bygdene ikkje var med. I alle fall synest alle spelarane å ha det kjekt, og sjølv om det alltid er artigast å vinne, var det mykje mindre fokus på dette.

Arrangørane var også godt nøgde med tiltaket, og utelukkar ikkje at noko liknande kjem på tapetet igjen. Nemnast må også at VM-kampen Frankrike-Tyskland vart kringkasta via radio ved kiosken.